

INSTRUKS FOR HOLDHUS SKYTEBANE FOR SKISKYTING

1. Beskrivelse

Anlegget ligg på gnr 48 bnr 4 og på gnr 48 bnr 4 festnr 1 i Fusa kommune, og består av 23 sjølvansvararar samt mellomrom for pappskiver med kulefangarar. Skiveanlegget er overbygd. Avstanden mellom standplass og skiver er 50 meter. Standplassbreidde er 65 meter med tillegg for sikringssoner.

Det kan skytast med rifle i kaliber .22 LR eller mindre.

2. Varsel om skyting

Skyting skal skje i samsvar med terminliste godkjent av styret i Hålandsdalen idrettslag. I tillegg kan enkeltpersonar og grupper trenast åleine. Gjeldande terminliste og instruksen for skytebanen skal vera oppslått på standplass, og gjerast tilgjengeleg og kjent for grunneigarar og Holdhus oppvekstsenter. Grindar mellom skytebane og grusbane skal vera lukka i oppvekstsenteret si opningstid.

Raudt flagg skal heisast 15 minutt før skyting startar. Flagget skal firast umiddelbart etter avslutta skyting. For øvrig vert skyting varsast ved fylgjande tiltak: I skumring og mørke skal raud varsellampe vera tent. Skytebanen skal vera opplyst ved bruk i mørke. Ved skyting i skule/barnehage si opningstid skal desse varslast særskilt på førehand. Skule/barnehage kan i spesielle høve nekta slik skyting dersom skytinga er til hinder for deira planlagde aktivitet.

3. Banen si brukstid

Det kan skytast på banen til fylgjande tider:

Kvardagar unnateke laurdag	kl 7.45 – 10.30 og 13 - 21
Laurdag	kl 9 - 18
Søndagar	kl 13 – 18
Søndagar, terminfesta stemne/samlingar	kl 9 – 21

4. Mål

Skyting skal skje frå korrekt plassering på standplass.

5. Skyteleiing

All skyting skal skje under leiing av skyteleiar (standplassleiar), godkjent av styret i Hålandsdal idrettslag. Skyteleiar er ansvarlig for at bruk av banen føregår i samsvar med denne instruksen, gjeldande tryggleiksreglar (vedlegg til forskrift om sivile skytebanar) og Norges skiskytterforbund sine tryggleiksreglar.

Før skyting startar skal skyteleiar forsikra seg om at det ikkje oppheld seg personar innanfor sektoren 2 m ut frå fløy skyttar og 5 m ut frå fløy skive fram til kulefanget (frisiktsonen).

Skyttarar med eige våpenkort for det våpenet dei brukar og som har gjennomført godkjent tryggleikskurs i regi av Hålandsdal Idrettslag kan skyta ålcine på banen. Vedkomande har samtidig ansvaret som skyteleiar.

Personar kan berre gå inn i frisiktsonen etter løyve frå skyteleiar og etter at alle våpen er tomde for ammunisjon og visitert.

6. Ansvar for tryggleiken

Hålandsdal Idrettslag er ansvarlig for at skytebanen tilfredsstiller dei til eikvar tid gjeldande tryggleiksreglar, og for at denne instruksen og idrettslaget sine eigne bruks- og tryggleiksreglar er kjende for brukarane av banen.

7. Godkjenning

Denne instruksen er godkjent av politiet

Brot på instruksen skal meldast til Fusa kommune som baneigar og til styret i Hålandsdal idrettslag.

Grove brot vil bli anmeldt til politiet.

Uggsdal

den

24.3.15



[Handwritten signature]
Lund

[Handwritten signature]
FUSA KOMMUNE
5649 EIKELANDSOSEN